

Tysnes Sparebank

- din nærbank -

Informasjon i samsvar med krava i kapitaldekningsforskrifta sin del IX (Pilar 3)

Oppdatert pr. 31. desember 2013

Innhold

Innhold.....	1
1 Innleiing og formål med dokumentet.....	2
2 Konsolidering	2
3 Ansvarleg kapital og kapitalkrav	2
3.1 Ansvarleg kapital	2
3.2 Kapitalkrav.....	2
4 Kreditrisiko og motpartsrisiko	3
4.1 Definisjon av misleghald og verdifall.....	3
4.2 Metode for berekning av nedskrivinger	4
4.3 Engasjement fordelt på engasjementstypar, typer av motparter og geografiske områder	4
4.4 Engasjement fordelt på engasjementstypar og gjenstående løpetid	5
4.5 Misleghald, nedskrivinger og avsetjingar på garantiar.....	5
4.6 Endringar i nedskrivinger og avsetjingar på garantiar.....	5
4.7 Bruk av offisiell rating for kapitaldekningsformål	5
4.8 Engasjementsbeløp og bruk av sikkerheiter m.v. ved fastsettjing av kapitalkrav	6
4.9 Motpartsrisiko knytt til derivat.....	6
5 Eigenkapitalposisjonar	7
6 Renterisiko	7
7 Styring og kontroll av risiko	8
7.1 Formål og prinsipp for ICAAP	8
7.2 Styring og kontroll av enkeltrisikoar.....	9
7.3 Banken si godtgjeringsordning	12

1 Innleiing og formål med dokumentet

Formålet med dette dokumentet er å oppfylle krava til offentliggjering av finansiell informasjon etter kapitalkravsforskrifta sin del IX (pilar 3).

Alle tal i dokumentet er pr 31. desember 2013 og vert rapportert i heile tusen med mindre anna er sagt.

Tysnes Sparebank nyttar standardmetoden ved berekning av kapitalkrav for kreditrisiko. Dette vil sei at det vert brukt standardiserte myndighetsbestemte risikovekter ved berekning av kapitalkravet. Ved berekning av kapitalkrav for operasjonell risiko vert basismetoden nytta, noko som vil sei at kapitalkravet vert berekna i forhold til gjennomsnittleg inntekt siste tre år.

Banken har ikkje handelsportefølje og bereknar difor ikkje kapitalkrav for marknadsrisiko.

Det vert elles vist til annan litteratur for ei nærmare beskriving av kapitaldekningsreglane.

2 Konsolidering

Tysnes Sparebank har ingen datterselskap eller tilknytt selskap mv pr. 31.12.2013.

3 Ansvarleg kapital og kapitalkrav

3.1 Ansvarleg kapital

Tysnes Sparebanks ansvarlege kapital består av kjernekapital og er samansett av sparebankens fond og gåvefond.

Spesifikasjon av ansvarleg kapital

	31.12.2013
Sparebankens fond	98.860
Gåvefond	205
Immaterielle eiendeler	-187
Overfinansiert pensjonsforpliktelse	-2.642
Fradrag for ansvarlig kapital i andre fin.inst.	-3.169
Ren kjernekapital	93.067
Fondsobligasjoner	-
Kjernekapital	93.067
 Netto ansvarlig kapital	 93.067
 Kapitaldekning i %	 16,71 %

3.2 Kapitalkrav

Tabellen nedanfor viser kapitalkrav for kreditrisiko fordelt på dei enkelte engasementskategoriane slik desse er definert i kapitalkravsforskrifta. I tillegg vert vist kapitalkrav for motpartsrisiko og operasjonell risiko og samla kapitalkrav.

Minimumskrav til ansvarleg kapital fordelt på engasjementskategoriar

Engasjementstypar	Postar i balansen	Postar utafor balansen	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav
Stater og sentralbankar	65.671	-	-	-
Lokale regionale myndigheter	4.176	-	837	67
Institusjonar	14.837	-	13.200	1.056
Føretak	21.865	31.863	31.375	2.510
Pantesikra eigedom	841.849	58.288	398.613	31.889
Forfalne engasjement	6.555	-	7.513	602
Andre engasjement	66.371	26.561	66.000	5.280
Sum kapitalkrav for kreditrisiko	1.021.324	116.712	517.538	41.404
Kapitalkrav for operasjonell risiko			46.875	3.750
Frådrag v/nedskrivning på grupper av utlån			(7.375)	(590)
Kapitalkrav for motpartsrisiko				-
Sum	557.038			44.564

4 Kreditrisiko og motpartsrisiko

4.1 Definisjon av misleghald og verdifall

Eit engasjement vert sett på som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalne terminar på utlån innan 90 dagar etter forfall eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekka inn som avtalt innan 90 dagar etter at rammekreditten vart overtrekt.

Eit engasjement vert sett på som tapsutsett, sjølv om det ikkje er mislighalde, når det er blitt identifisert objektive bevis på verdifall.

Verdifall på fordringar vil normalt tilsvara forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar neddiskontert med effektiv rente. Reduksjon i framtidige kontantstraumar forårsaka av tapshendingar må kunne estimerast påliteleg. Dersom det ligg føre objektive bevis for at et utlån eller ei gruppe av utlån har verdifall, vert det gjort nedskrivning for verdifallet. Banken har utarbeida eigne retningslinjer for nedskrivning for tap på utlån og garantiar. Retningslinjene omhandlar hovudsakeleg følgjande dimensjonar:

- Personmarknad/bedriftsmarknad
- Vesentlege/uvesentlege engasjement
 - * Grenseverdi personmarknad: 1,0 mill. kroner
 - * Grenseverdi bedriftsmarknad: 0,5 mill. kroner
- Misleghaldne/ikkje misleghaldne engasjement
- Risikoklassar

Grunn for berekning av nedskrivningar på individuelle utlån er at det ligg føre objektive bevis for verdifall. Objektive bevis på at et utlån har verdifall inkluderer, ifølge utlånsforskrifta, observerbare data banken har kjennskap til om følgjande tapshendingar:

- a) Vesentlege finansielle problem hos debitor.
- b) Betalingsmisleghald eller andre vesentlege brot på kontraktar.
- c) Innvilga utsetjing av betaling eller ny kreditt til betaling av termin, avtalte endringar i rentesatsen eller andre avtalevilkår som fylgje av finansielle problem hos debitor.
- d) Det vert sett på som sannsynleg at debitor vil inngå gjeldsforhandling, annan finansiell omstrukturering eller at debtors bu blir teke under konkursbehandling.

4.2 Metode for berekning av nedskrivningar

Nedskrivningsbeløpa vert rekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar. I noverdiberekningane nyttar ein løpende effektiv rente. Ved berekninga av dei framtidige kontantstraumane vert sikkerheitene vurdert til pårekneleg salspris fråtrekt kostnader ved sal.

Identifisering av tapsutsette engasjement tek hovudsakeleg utgangspunkt i tapshendingar som ligg føre på balansedagen, men objektive bevis på manglande framtidig oppgjørsevne hos debitor vert også vurdert. Banken vurderer kvartalsvis vesentlege engasjement med tanke på individuelle og gruppevis nedskrivningar.

Nedskriving på grupper av utlån foretas dersom det ligg føre objektive bevis for verdifall i den aktuelle gruppa. Utlån som er vurdert for individuell nedskriving, men der objektive bevis ikkje finnes, skal takast med i grunnlaget for gruppevis nedskriving.

Verdifall for grupper av utlån vert berekna som prosentdel av brutto utlån etter frådrag for utlån med individuelle nedskrivningar, fordelt på privat- og næringsengasjement.

4.3 Engasjement fordelt på engasjementstypar, typar av motparter og geografiske områder

Tabellen viser samla engasjementsbeløp før individuelle nedskrivningar fordelt på engasjementstypar, typar av motparter og geografiske områder.

Engasjementer fordelt på engasjementstyper, geografiske områder og typer av motparter

Engasjementstypar	Postar i balansen	Garantiar	Unytta rammer og lånetilsagn	Sum
Offentlig forvaltning	4.169	-	-	4.169
Lønnstakere o.l	807.533	-	61.819	869.352
<i>Næringssektor fordelt:</i>				
Jordbruk, skogbruk, fiske	14.448	-	5602	20.050
Industriproduksjon	9.272	-	1.796	11.068
Bygg og anlegg	14.475	12.316	3.549	30.340
Varehandel, hotell/restaurant	16.894	1.629	3.692	22.215
Transport, lagring	6.942	1.579	932	9.453
Finans, eigedom, tjenester	35.986	14.989	2.419	53.394
Sosial og privat tjenesteyting	14752	-	1733	16.485
Sum fordelt på engasjementstypar	924.471	30.513	81.542	1.036.526
Tysnes	569.933	29.900	58.290	658.123
Hordaland	275.299	613	17.317	293.229
Norge ellers	76.983	-	5.935	82.918
Utlandet	2.256	-	0	2.256
Sum geografisk deling	924.471	30.513	81.542	1.036.526
Gjennomsnitt 1)	938.308	28.318	89.497	1.006.123

1) Gjennomsnitt av inngående og utgående balanse siste år

4.4 Engasjement fordelt på engasjementstypar og gjenståande løpetid

Tabellen viser ulike engasjementstypar fordelt på løpetid.

Engasjement fordelt på engasjementstypar og gjenstående løpetid

Engasjementsstype	inntil 1 mnd	1-3 mnd	3-12 mnd	1-5 år	over 5 år utan løpetid	Sum
Poster i balansen	140.698	7.340	32.352	162.059	582.022	- 924.471
Garantiar	-	-	-	15.524	14.989	- 30.513
Unytta rammer og lånetilsagn	-	9.001	25.592	-	46.449	500 81.542
Sum eigneluter	140.698	16.341	57.944	177.583	643.460	500 1.036.526

4.5 Misleghald, nedskrivningar og avsetjingar på garantiar

Tabellen viser misleghaldne og tapsutsette utlån, individuelle nedskrivningar på utlån samt avsetjingar på garantiar fordelt på typar av motparter og geografiske område.

Misleghald, nedskrivningar og avsetjingar på garantiar

Type motpart	Mislyholdte engasjementer	Engasjementer med nedskrivninger	Samlede nedskrivninger ¹	Resultatførte nedskrivninger ¹ siste år	Garantier med avsetning ²	Avsetninger på garantier
Personkunder	5746	5022	3035	1250	-	-
Varehandel, hotell/restaurant	-	-	-	-	-	-
Transport, lagring	1809	506	950	950	-	-
Finans, eiendom, forretningsmessige tjeneste	-	-	-	-	-	-
Sosial og privat tjenesteyting	-	-	-	-	-	-
Sum	7555	5528	3985	2200	-	-
Tysnes	6645	5528	3985	2200	-	-
Hordaland	910	-	-	-	-	-
Noreg ellers	-	-	-	-	-	-
Utland	-	-	-	-	-	-
Sum	7555	5528	3985	2200	-	-

1) Kun individuelle nedskrivningar

2) Samlet garantibeløp der det er foretatt avsetning

4.6 Endringar i nedskrivningar og avsetjingar på garantiar

Avstemming av endringar i henholdsvis verdiendringar og nedskrivningar for engasjement

Type verdiendring og nedskrivningar	Inngående balanse	Beløp ført mot nedskrivningar	Beløp avsett til eller tilbakeført frå berekna tap	Utgåande balanse
Individuelle nedskrivningar	1.785	2.250	-50	3.985
Gruppenedskrivningar	4.200	-	-	4.200
Sum	5.985	2.250	-50	8.185

4.7 Bruk av offisiell rating for kapitaldekningsformål

Etter standardmetoden vil kapitalkravet kunne avhenge av motpartens offisielle rating. Offisiell rating vil i liten grad vera aktuelt for bankens lånekundar, men kan vera aktuelt for utstedarar av verdipapir banken plasserer i. I så fall er det ratingar frå Standard & Poor's, Moody's og/eller Fitch som er aktuelle. Tysnes Sparebank har pr. rapporteringstidspunktet ingen engasjement der ratinga påverkar kapitaldekninga.

4.8 Engasjementsbeløp og bruk av sikkerheiter m.v. ved fastsetjing av kapitalkrav

Tabellen viser samla engasjementsbeløp før og etter at det er tatt omsyn til sikkerheiter samt engasjementsbeløp som er trekt frå den ansvarlege kapitalen.

Samla engasjementsbeløp før og etter sikkerheiter

Engasjementstypar	Engasjementsbeløp før sikkerhetsstillelse	Engasjementsbeløp etter sikkerhetsstillelse	Engasjement fråtrekt ansvarleg kapital
Stater og sentralbankar	65.671	65.671	-
Lokale regionale myndigheter	4.176	4.176	-
Institusjonar	14.837	14.837	-3.169
Føretak	53.728	50.578	-
Pantesikra eigedom	900.137	900.137	-
Forfalne engasjement	6.555	6.555	-
Andre engasjement	92.932	92.255	-
Sum kapitalkrav for kreditrisiko	1.138.036	1.134.209	-3.169

Hovudtypar av pant som vert nytta for kapitaldekningsformål er pant i bustad og fritidseigedom. Garantiar har i liten grad betydning for kapitaldekninga. I enkelte tilfeller vert garantiar frå banker eller regionale myndigheter nytta. Tysnes Sparebank nyttar ikkje kreditderivat.

Det vert ikkje teke omsyn til motrekningshøve ved berekning av kapitalkrav. Verdivurdering av sikkerheiter tek utgangspunkt i sikkerheita sin marknadsverdi. Sikkerheitsobjekt som er ukjente for oss, skal dokumentere sin verdi gjennom offentleg takst. På eigedommar i vår primærmarknad vert, i tillegg til takst, bankens eigen marknadskunnskap nytta ved fastsetjing av verdi.

Verdivurdering av bustadeigedommar vert oppdatert ved vesentlege endringar i marknaden og minst kvart tredje år.

Det vert teke omsyn til konsentrasjonsrisiko i bankens ICAAP, men ikkje konsentrasjonsrisiko som følgje av konsentrasjon av typar av sikkerheiter.

4.9 Motpartsrisiko knytt til derivat

Tysnes Sparebank har ingen derivatkontraktar pr 31.12.2013.

5 Eigenkapitalposisjonar

Tysnes Sparebank si behaldning av aksjar, eigenkapitalbevis og partar er definert som anleggsmidlar og blir vurdert og bokført til anskaffingskost med frådrag for eventuell nedskriving. Behaldninga vert ikkje regulert fortløpende for kursendringar, men vert likevel nedskrevet dersom marknadsverdi er lågare enn bokført verdi når verdinedgangen skuldast forhold som ikkje er av forbigåande art. Banken brukar porteføljeprinsippet ved vurdering av balanseført verdi.

Handelsportefølje vert definert som omløpsmidlar og vurderast alltid til marknadsverdi. Tysnes Sparebank har hatt minimalt med likviditetsoverskotspllassering ila året og banken har ingen handelsportefølje pr 31.12.2013.

Oversikt over bokført og verkeleg verdi, gevinstar og tap

Bokført verdi	Verkeleg verdi	Samla realiserte gevinstar eller -tap	Urealiserte gevinstar eller -tap	Beløp medrekna i kjerne- eller tilleggskapital
12.448	19.276	319	-	-

Oversikt over type og verdi av børsnoterte og unoterte aksjar mv i diversifiserte porteføljar og andre engasjement

Type	Bokført verdi
Aksjer og eigenkapitalbevis, børsnotert	606
Aksjer og eigenkapitalbevis, unotert	3.617
Aksjer og andeler, strategisk, unotert	7.830
Aksjer og andeler, lokale selskap, unotert	395
Sum	12.448

6 Renterisiko

Renterisiko oppstår når det er forskjeller i rentebindingstid mellom eigendeler og gjeld/eigenkapital. Banken vil da ikkje kunne gjennomføre renteendringar parallelt for alle balansepstar. Tysnes Sparebank har identifisert følgjande kjelder til renterisiko:

- Utlån til kundar
- Innskot frå kundar
- Utlån til andre banker
- Lån og innskot frå andre banker
- Renteberande plasseringar i verdipapir
- Renteberande verdipapirgjeld

Renterisiko på utlån til kundar oppstår i tilknyting til både flytande- og fastforrenta utlån. Tysnes Sparebank har for tida ingen fastrenteutlån. Etter finansavtalelova (gjeldande for privatpersonar) har banken varslingsfrist på 6 veker før ein eventuell renteauke på utlån kan setjast i verk. Banken vil soleis alltid ha ein viss renterisiko også på lån med flytande rente. Med bankens utlånsvolum utgjer denne renterisikoen ca. 1,0 mill ved 1% endring. Praksis så langt har vore at utlåns- og innskotsrenter er blitt endra samstundes noko som har nøytralisiert risikoen.

Renterisiko knytt til kundeinnskot oppstår også i tilknyting til både flytande- og fastforrenta avtaler. Tysnes Sparebank har for tida ingen fastrenteinnskot. Når det gjelder kundeinnskot er varslingsfristen 2 månader før rentereduksjon kan setjast i verk. Med bankens innskotsvolum utgjer denne renterisikoen ca.

1,3 mill ved 1% endring. Praksis så langt har vore at innskots- og utlånsrenter er blitt endra samstundes noko som har nøytralisiert risikoen.

Utlån til andre banker er til flytande rente. Lån og innskot frå andre banker har flytande med kvartalsvise rentejusteringar. Renterisiko her utgjer ca. 0,05 mill ved 1% endring i renta.

Bankens plasseringar i renteberande verdipapir består av statspapir med fast rente og renterisikoen utgjer ca 1,6 mill ved 1% endring i renta. Den høge renterisikoen skuldast i hovudsak ein 10 årig statsobligasjon. For å redusera framtidig renterisiko vart statsobligasjonen solgt i byrjinga av januar 2014. Tysnes Sparebank har for tida ingen renteberande verdipapirgjeld.

Banken skal i henhold til vedtatte policyer kun påta seg begrensa renterisiko og renterisikoen vert rapportert i risikorapporten til styret kvartalsvis.

7 Styring og kontroll av risiko

7.1 Formål og prinsipp for ICAAP

ICAAP (Internal Capital Adequacy Assessment Process) er bankens eigen prosess for å vurdera bankens kapitalbehov. Denne kapitalbehovsvurderinga skal vera framoverskuande, og dette inneber at kapitalbehovet skal vurderast i forhold til bankens noverande og framtidige risikoprofil. Det er derfor eit overordna prinsipp at banken i tillegg til å berekna behovet ut frå gjeldande eksponering (eventuelle rammmer) også må vurdere kapitalbehovet i lys av planlagt vekst, eventuelle vedtekne strategiske endringar med vidare.

Framtidige tap kan delast inn i forventa tap og uventa tap. Forventa tap kan sjåast på som ein driftskostnad og vert føresett dekka over den løpende drifta. Den løpende drifta kan også sjåast på som eit "fyrstelinje-forsvar" mot uventa tap. I kapitalbehovsvurderinga vert det imidlertid lagt til grunn at uventa tap ikkje vert dekka over drifta, men skal dekkjast av kapital. Kapitalbehovsvurderinga inneber fylgleg at banken bereknar kor mykje kapital som trengs for å dekke opp for framtidige uventa tap.

Disse berekningane vert gjort på ulike måtar for ulike risikoar, og er basert på ulike føresetnader. Ein kan ikkje berekna eit kapitalbehov som dekker eitkvaratapsutfall, men det er forsøkt nyttja konservative føresetnader i berekningane.

Ved berekning av samla kapitalbehov (for alle risikoane) kan det argumenterast for at dei ulike risikoane ikkje vil materialisere seg samstundes, og at det derfor eksisterer diversifikasjonseffektar som inneber at det samla kapitalbehovet er lågare enn summen av kapitalbehovet for dei enkelte risikoane. Banken har imidlertid valt å leggja ei konservativ tilnærming til grunn, og ser difor bort frå slike effektar.

Med risikotoleranse meinast storleiken på den risiko banken er viljug til å ta i si verksemnd for å nå sine mål. Risikotoleransen kjem til uttrykk i rammeverket for verksemda, herunder i avgrensingar i vedtekter, policyar, fullmakter, retningsliner og rutinar. For nokon av risikoane er det vanlig å fastsette kvantitative avgrensingar på risiko, for eksempel kvantitative rammmer for marknadsrisiko, rammmer for store engasjement, rammmer for eksponering mot enkeltbransjar osv. For andre risikotypar er det meir naturleg å nyttja kvalitative avgrensingar. Slike avgrensingar angir kor langt ein er viljug til å strekkja seg på enkeltrisikoar, og representerer difor ein beskrivelse av risikotoleransen for disse enkeltrisikoane. Bankens risikotoleranse er forsøkt reflektert i kapitalbehovet som vert berekna for kvar enkelt risiko.

I fastsetjinga av bankens minimumskrav til ren kjernekapital, netto kjernekapital og netto ansvarleg kapital inngår bankens internt berekna kapitalbehov, men banken gjer i tillegg ei vurdering av forventningar og krav frå bankens omgjevnadar. Bankens overordna risikotoleranse inneber at

kapitalmålet alltid vil være høgare enn bankens internt berekna kapitalbehov. Det er etablert eit sett av handlingsreglar kor det framgår kva tiltak som skal iverksetjast ved ulike nivå av faktisk kapital.

Bankens minimumskrav til ren kjernekapital, netto kjernekapital og netto ansvarleg kapital og overordna retningslinjer for kapitalbehovsvurderinga er vedtatt av bankens styre. ICAAP prosessen er ein naturlig del av bankens risikostyringsprosess. Banksjef og økonomisjef gjennomfører dei relevante vurderingar og berekningar og legg dette fram for styret. Ein slik gjennomgang vert gjort minst ein gong pr. år og me nyttar ekstern revisor i kvalitetssikringa av arbeidet.

Bankens interne kapitalbehovsvurdering inneber ein analyse og berekning av kapitalbehov for ulike risikoar ved hjelp av ulike metodar:

- Kreditrisiko
- Marknadsrisiko
- Operasjonell risiko
- Konsentrasjonsrisiko
- Egedomsprisrisiko
- Likviditetsrisiko
- Forretningsrisiko
- Omdømmerisiko
- Strategisk risiko
- Systemrisiko
- Restrisiko

Berekning av kapitalbehov for enkelrisikoer vert gjort ved hjelp av ulike metodar.

Banken stresstestar effekten på kapitaldekninga av eit alvorleg økonomisk tilbakeslag/nedgongskonjunktur. I tillegg gjennomfører banken ein «omvendt» stresstest. I ein slik stresstest bestemmer banken først kva kapitaldekning som er så lav at banken risikerar å bli satt under administrasjon og/eller overtatt. Deretter simulerar banken med ulike kombinasjonar av parameterverdiar som i sum gjev resultatet ein har bestemt. Hensikta med ein slik omvendt stresstest er å gje banken ytterlegare kunnskap om kor mykje som skal til før bankens kapitaldekning fell under eit kritisk nivå.

7.2 Styring og kontroll av enkelrisikoar

I det fylgjande gis en gjennomgang av bankens handtering av dei enkelte risikoane. Ansvaret og gjennomføringa av bankens risikostyring og kontroll er delt mellom bankens styre, leiing og dei operative funksjonane. Fundamentet i Tysnes Sparebank sin risikostyring er å:

- ha klare mål som er forankra i organisasjonen
- utarbeida gode rutinar på alle viktige områder, slik som kreditt, likviditet og rekneskap
- utvikla ein god forretningsmessig etikk og utøva godt bankhandverk, gjennom gode haldningar hos banken sine tilsette
- utvikla kompetente og motiverte medarbeidarar
- ha ein open organisasjon der det er god kommunikasjon og informasjon om relevante tilhøve i alle ledd i organisasjonen
- ha ei tilgjengeleg og synlig leiing

For alle vesentlege risikoområde i banken ligg det føre dokumenterte mål, rutinar og rammer. Styret vurderer det slik at ein god internkontroll og ei god risikostyring er viktig for at banken skal nå sine mål.

For å sikra ein betre kontroll og oppfølging av de risikoane banken er eksponert for har banken ein compliancefunksjon og ein risikokontrollfunksjon, som skal følge opp at lovar og policyer vert følgt.

Styret handsamar i kvart styremøte rekneskap og oversikt over banken si risikoeksponering, med spesiell vekt på kreditrisiko og likviditetsrisiko. Omfanget av rapporteringa vert utvida i samband med gjennomgang av kvartalsrekneskapa.

Internkontrollen vert utført i samsvar med internkontrollforskrifta. Det skal utarbeidast ein rapport om internkontrollarbeidet kvart år som skal handsamast av banksjef og avdelingsleiarar. Rapporten skal deretter vidaresendast til styret i banken for handsaming.

Kreditrisiko

Kreditrisiko vert definert som risiko for tap knytt til at kundar eller andre motparter ikkje kan gje opp for seg til avtalt tid og i henhold til skrivne avtaler, og at mottekne sikkerheiter ikkje dekker uteståande krav.

For å kunna handtere denne risikoen har banken blant anna laga policy, retningslinjer, kreditthåndbok, fullmakter og internkontrollrutinar for kredittområdet, som har som mål å sikra at kreditrisikoen vert lav/moderat. I tillegg skal det sikra banken si inntening på kort og lang sikt. Dei interne retningsliner er fastsett av styret. Banksjef har ansvar for BM området og økonomisjef har ansvar for PM området.

Kunderådgjevarane er delt i PM og BM og har moderate risikobaserte fullmakter på personnivå. På PM skal alle avvik frå Finanstilsynets retningslinjer for forsvarleg utlånspraksis godkjennast i kredittutvalet. Avvik rapporterast i aggregert form til styret kvart kvartal.

I vekst prognosane for dei kommande 3 åra er det lagt opp til at BM andelen skal auke og ein har utvida nærområdet til omkring liggjande kommunar for både PM og BM. Dette er kjente marknad og endrar ikkje risikobildet vesentlig. Vekststrategien er også hensyntatt under avsetning for ulike konsentrasjonsrisikoar. BM andelen av totale utlån var pr 31.12 ca 13% og skal ikkje vera høgare enn 20%.

Alle engasjement vert gjennomgått kvartalsvis for å vurdera om det er nødvendig med nedskriving for verdifall. Slik nedskriving vert resultatført som tap. Alle engasjement som er klassifisert som store engasjement vert rapportert til styret kvart kvartal.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko vert definert som risiko for tap i marknadsverdiar knytt til portefølje av finansielle instrumenter som fylgje av svingingar i aksjekursar, valutakursar, renter og råvarereprisar.

Marknadsrisikoen vert styrt gjennom bankens Policy for marknadsrisiko og tilhøyrande rammeverk, som er fastsett av styret. Banken skal til ei kvar tid ha ein lav marknadsrisiko, da eksponering mot marknadsrisiko ikkje er ein del av bankens kjernedrift og skal derfor begrensast.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko vert definert som risikoen for tap som skuldast utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar, svikt hos menneske og i system eller eksterne hendingar.

Risikoen her vert styrt gjennom Policy for operasjonell risiko og tilhøyrande rammeverk, som er fastsett av styret. Risikoen vert følgt opp av interne kontrolltiltak, systemrapportar og revisjonshandlingar.

Risikoen vert vurdert til å være moderat.

Konsentrasjonsrisiko

Konsentrasjonsrisiko vert definert som risiko for tap utover «normal» kreditrisiko som skuldast konsentrasjon på bransje, størrelse og geografi. I tilfeller kor det vert avdekkja konsentrasjonsrisiko kjem denne i tillegg til risiko berekna i den ordinære kreditrisikoberekninga.

Tysnes Sparebank er ikkje sterkt eksponert i enkeltbransjar og ca 13% av utlåna er til næringslivskundar.

Banken hadde pr 31.12 2 engasjement definert som store. Styret har fastsett reglar for dette og slike engasjement vert rapportert til styret kvartalsvis.

Andel hjemmemarked (Tysnes Kommune) er i overkant av 60% av totalvolum og består hovudsakleg av lån med pant i bustadeigedom når det gjeld privatengasjement. Folk på Tysnes har store arbeidsmarknader både i sør og nord med gode kommunikasjons muligheter for pendling. Bankens vekstambisjonar innan bedriftsmarknaden skal vera i kjente marknader.

Eigedomsprisrisiko

Denne risikotypen vert definert som risiko for uventa verdifall på institusjonens eigedommar eller portefølje av eigedomsinvesteringar. Eigedomsprisrisiko knytt til utlån til eigedomssektoren eller eigneluter som sikkerheit vert dekkja under kreditrisiko og konsentrationsrisiko.

Banken eig 1 bygg som i si heilhet vert nytta av banken. Dette vart ombygd og modernisert i 2010 i samband med samlokalisering av bankdrifta. Bygget er bokført til 8,8 mill. Eit verdifall på denne eigedommen er vurdert til å vera av lav risiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko vert definert som risikoen for at ein bank ikkje klarer å oppfylle sine plikter og/eller finansiera auke i eigneluter utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på eignelutar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering.

Risikoen her vert styrt gjennom Policy for likviditetsrisiko og tilhøyrande rammeverk, som er fastsett av styret. Risikoen er i hovudsak forholdet mellom langsigtige utlån og kortsigktige innskot. Banken har interne retningsliner for likviditetsstyring og god oversikt over dagleg drift. Ettersom banken er avhengig av tillit frå våre innskytarar, er det, slik styret ser det, viktig å ha ein lav likviditetsrisiko. Styret har stor fokus på å fylgja opp likviditetsrisikoen i forhold til dei retningsliner som er fastlagt. Måloppnåing vert rapportert månadleg.

Styret ser på likviditetsrisikoen som lav/moderat.

Forretningsrisiko

Forretningsrisiko vert definert som risikoen for fall i forventa inntekter(budsjett og prognosar) frå ulike forretnings- eller produktsegment.

For Tysnes Sparebank er dei vesentlegaste forretningsrisikoane knytt til reduksjon i forhold til forventa margin under utlån, innskot og andre inntekter.

Omdømmerisiko

Omdømmerisiko vert definert som risiko for svikt i inntening og kapitaltilgang på grunn av sviktande tillit og omdømme i marknaden, dvs. hos kundar, motpartar, eigarar og myndigheiter.

Interne avvik kan påføra banken omdømmetap. Dette vert fylgd opp gjennom internkontrollarbeidet i banken. I tillegg ligg det fare for omdømmetap for banken i form av svekka omdømme til heile bransjen gjennom negative saker i media, og/eller dersom alliansepartnar taper omdømme. Banken er difor oppteken av å byggja eit positivt omdømme av banken i lokalsamfunnet.

Strategisk risiko

Risiko for uventa tap eller sviktande inntening i forhold til prognosar knytt til vekstambisjonar, inntreden i nye marknader eller oppkjøp.

Tysnes Sparebank har relativt høge vekstambisjonar dei neste åra, men det er ingen dramatisk auke i aktivitetsnivå som må til for at bankens vekstambisjonar skal nås. Og styret ser på strategi risikoen som lav.

Systemrisiko

Systemrisiko kan bestå i at problem hos andre (større) bankar kan smitte over på Tysnes Sparebank.

Ut fra dagens capitalsituasjon i banken og alliansesamarbeid ser styret på systemrisikoen som lav.

Restrisiko

Banken har i sin ICAAP prosess ikke definert restrisikoer som det må bereknast ekstra kapitalbehov for.

7.3 Banken si godtgjerdingsordning

Styret har vedteke retningsliner for godtgjering som omfattar alle former for godtgjering til bankens tilsette. Retningslinene skal bidra til å fremja og gjeva incentiv til god styring og kontroll med verksemda sin risiko, motverka for høg risikotaking og bidra til å unngå interessekonfliktar. Det vert også vist til note 7 i årsrekneskapen.

Banken har ei generell ordning for variabel godtgjering som vert definert inn under pkt 5 i Finanstilsynets rundskriv av 21.02.2011. Ordninga omfattar heile banken og gjev ikke incentiveeffekt når det gjeld overtaking av risiko. Den variable godtgjeringa vert rekna ut frå mål oppnåing og var samla avgrensa til kr. 150.000,00 i 2013. På bakgrunn av bankens måloppnåing vart det utbetalt kr. 60.000 i godtgjering for 2013.